



Lindås VVS  
Postboks 42  
5951 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/5162 - 14/17994

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
12.08.2014

## Løyve til tiltak - etablering av stikkledning for kloakk - gbnr 107/23

**Administrativt vedtak. Saknr: 208/14**

**Tiltakshavar:** Jarle Kolås  
**Ansvarleg s kjar:** Lindås VVS  
**S knadstype:** S knad om l yve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld s knad om etablering av stikkledning for kloakk for gbnr 107/23, i samband med at eigedomen skal koplast til kommunal kloakkledning. Eigedomen har i dag separat avlaupsanlegg med slamavskiljar. Eigedomen skal koplast til det kommunale kloakkanlegget via eksisterande privat ledning. Det er gitt l yve til tilkopling i skriv datert 12.08.2014.

Det vert elles vist til s knad motteke 04.06.2014.

#### Sakshandsamingsfrist

S knaden var komplett og klar for handsaming den 04.06.2014 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker fr  denne dato.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggeomr de for bustadar. Delar av ledningen ligg innanfor LNF-omr de med s rskild omsynssone landbruk. Tiltaket gjeld omlegging av avlaupsanlegg og vert vurdert til ikkje   krevja dispensasjon.

#### Nabovarsel



Tiltaket er ikkje nabovarsla. Eigar av gbnr 107/23 eig også nabobruket gbnr 107/3, som tiltaket går over. I tillegg ligg det føre erklæring med løyve til omsøkte tiltak frå eigar av gbnr 107/4 som tiltaket også berører. Det er ikkje fleire eigedomar som vert berørt av tiltaket og ytterlegare varsling vert vurdert til ikkje å vera naudsynt, jf pbl § 21-3..

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 17.06.2014.

### **Tekniske krav**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### **Privatrettslege tilhøve**

Det ligg føre erklæring med løyve til å plassera anlegget over gbnr 107/4.

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Lindås VVS Nils Træland AS**, org.nr. , har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK), prosjekterande (PRO) og utførande (UTF)** for arbeidet.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet prosjekterande (PRO) og utførande (UTF). Det vert gitt lokal godkjenning for ansvarsområdet ansvarleg søkjar (SØK).

Det ligg ikkje føre gjennomføringsplan for tiltaket. Løyve vert, i denne saka, gitt på vilkår av at gjennomføringsplan vert send inn før arbeidet vert igangsett.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for etablering av stikkleidning for kloakk i samsvar med søknad mottatt 04.06.2014 og på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 17.06.2014 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Tiltaket skal knytast til kommunalt kloakkanlegg i samsvar med løyve til påkopling datert 12.08.2014.
4. Det skal sendast inn gjennomføringsplan for tiltaket før arbeidet vert sett i gang.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.	ANSVAR SOMRÅDE
----------	---------	---------	-------	-------	----------------

				KL.	
SØK	Lindås VVS Nils Træland AS	915836445	L	1	Ansvarleg søkjar
PRO	Lindås VVS Nils Træland AS	915836445	S	1	Rørleggerarbeid utvendig påkopling komm avløp
UTF	Lindås VVS Nils Træland AS	915836445	S	1	Rørleggerarbeid utvendig påkopling komm avløp

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5162.

### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan

eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

1. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
3. Avkjørsle til offentleg veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
4. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

## GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.6	Basisgebyr andre bygningar, konstruksjonar og anlegg	1	Kr 3 700,-
10.2.9b	Godkjenning av ansvarsrett	1	Kr 2 500,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 6 200,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

## Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnigjeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**  
Jarle Kolås

Kolåsvegen 130 5955

LINDÅS

**Mottakrar:**  
Lindås VVS

Postboks 42

5951

LINDÅS